

---

Vår referanse 2020/49694-2  
Dato 25.05.2020

---

ALVER KOMMUNE  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

## Uttale - Dispensasjon naust - Fv. 564 - Gnr 345 bnr 147 - Alver kommune

Vestland fylkeskommune, avdeling for infrastruktur og veg, som vegstyresmakt syner til brev motteke 30.04.2020 med ovannemnde søknad til uttale.

### Kva saka gjeld

Det er søkt om oppføring av tilbygg til naust på gnr. 345 bnr. 147 i Alver kommune som krev dispensasjon frå byggjeforbod i 100-meters belte på land og frå flytebyggje planføremål i sjøen.

### Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen sin arealdel er definert som bustadføremål på land og Flytebyggje F\_12 i sjøen.

### Saksgang

Før søknaden vert handsama etter veglova, er det behov for å avklare tiltaket etter plan og bygningslova (pbl.) og anna relevant lovverk som kommune forvaltar. Vestland fylkeskommune har rett til å uttale seg i saker som vedkjem vårt saksområde jf. pbl. §19-2. Vi har òg klagerett i slike saker. Dette brevet er difor utforma som ei uttale til Alver kommune.

### Uttale

Eigedomen ligg nord for fv. 564 som har fartsgrense 50 km/t og årsdøgertrafikk (ÅDT) på 1400. Vegstrekninga er klassifisert til haldningsklasse «streng» jf. *2017 - 2020 Rammepplan for avkøyrslar med strekningsvis vurdering av haldning til byggegrensar for riks- og fylkesveg i Region vest*. Tiltaket vil ha ei omtrentleg avstand på 40 meter frå vegmidte på fylkesveg.

Vestland fylkeskommune, avd infrastruktur og veg, kan ikkje sjå at tilbygg til naust kan ha innverknad på trafikktilhøva på eller ved fylkesvegen og har difor ingen vesentlege merknader til søknaden.

Vi nyttar høve til å understreke viktigheita av gode siktforhold i avkøyrsla. Det må ikkje førekome sikhinder i siktsona høgare enn 0,5 meter. Dette kan eksempelvis bety at vegetasjon må fjernast. Eigaren eller brukaren av avkøyrsele har sjølv ansvaret for at krav til utforming av avkøyrsla til ei kvar tid er oppfylt, mellom anna krav til frisikt (jf. veglova § 43). I denne aktuelle avkøyrsla skal siktsona ifølgje håndbok V121 vere på 45 meter i begge retningar frå eit punkt 4 meter inn i avkøyrsla.

Vi ber om å få saka til klagebehandling når ho er ferdig handsama.

Med helsing

Hege Løtveit  
Leiar

Silje Svanevik-Røren  
rådgjevar

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift*

